

Frist: 24. april

Sendes til: postmottak@krd.dep.no

Årlig rapport BOLYST

Til: KRD

Fra: Preform, Fjaler Kommune v/ Ingeborg O Tysnes, Kulturleiar Fjaler Kommune

Dato: 10. april 2014

Kommune:	Fjaler
Prosjektnavn:	Preform
Prosjektleder:	Arild Bergström
Leder i styringsgruppen:	Ingeborg O Tysnes, Kulturleiar Fjaler Kommune
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Sissel Lillebø Aarseth, rådgjevar Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	a) ☒ Styringsgruppe b) ☒ Forankring i befolkningen c) ☒ Samarbeid med andre aktørar lokalt, regionalt eller nasjonalt
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	Mål og eventuelle delmål med prosjektet: 1. Vidareutvikle eit fagmiljø som gjer kunstprodusentane i Fjaler attraktive for den nasjonale og internasjonale marknaden. 2. Skape og bygge ein fleksibel infrastruktur for kunstprodusentar i Fjaler knytt til; a. Produsenttenester og rådgjeving b. Frie produksjonsmidlar c. Produksjonslokale d. Bustader 3. Våre mål knytt til LUK: a) Utvikle og ta i bruk modellar for rådgjeving til kunstprodusentar i distrikta. b) Undersøke synergieffektar av kunstproduksjon som lokal utviklingskraft c) Innarbeide erfaringane i planverket til Fjaler kommune, og bidra til at desse erfaringar kan brukast av andre. 4. Styrke Fjaler sitt omdømme og gjere kommunen og regionen til ein meir attraktiv stad å bu, gjennom tilrettelegging for interaksjon mellom kunstprodusentane og lokalsamfunnet elles. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål? Prosjektleiar vart tilsett 1ste august 2012. Organisasjon, nettverkssamlingar og aktivitetar er etablert og organisert som føresatt.

1) Internasjonale kontakter.

Preform-prosjektet har i samarbeid med Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Nordisk Kunstnarsenter Dale organisert eit internasjonalt seminar der målet var å undersøkje nokre av utfordringane som møter profesjonelle kunstprodusentar som har valt å etablere seg utanfor dei tunge, sentrale områda og samtidig arbeide utadvendt og internasjonalt. Spesielt invitert som førelesarar var :

- Halldór Björn Runólfsson, direktør National Gallery Iceland
- Gudfinna Mjöll Magnúsdóttir, Island, Vik Þrjónsdóttir
- Lars Sture, kunstnar/ kurator Noreg/England
- Elisa Tosoni, kurator Italia / Sveits
- Irene Kernan, direktør, Edinburgh Sculpture Workshop, Skottland
- Karina Siegmund kunstnar/entreprenør, Noreg/Tyskland

Resultata av seminaret skal takast med vidare i utviklinga av i mål og delmål i prosjektet. Seminaret var og ein del av arbeidet med oppretting av produsent- og rådgjevingstenester.

2. Skape og bygge ein fleksibel infrastruktur for kunstprodusentar i Fjaler

a. Produsenttenester og rådgjeving

Arbeidet med oppretting av produsenttenester og rådgjeving er starta opp. Innspel frå internasjonalt seminar (okt. 2013) med resultat frå arbeidsgruppe i 2014. Vidare har det vore kontakt med andre miljø som arbeider med liknande problematikk slik som Proscen og VISP, Bergen. Framleis under arbeid.

b) Frie produksjonsmidlar

I prosjektperioden har det vore nytta –i samsvar med målsettinga – produksjonsmiddel for å styrke aktivitet og kvalitet. Produksjonsmiddel, har synt seg som eit viktig verkemiddel og har ført til auka aktivitet innan fleire fagfelt.

Det er i perioden gjennomført fleire kunstnarlege aktivitetar der produksjonsmiddel har m.a. vore nytta til:

- gjennomføring av den første teaterfestivalen i Fjaler + symposium
- landskapskunstprosjekt ved NKD (tre faste installasjonar i Fjaler)
- "Litteraturmisjonen" (framsyningar)
- innspeling av musikk (CD-utgjeving)
- fotoutstilling
- "Lys i Gamle Hus" (fellesprosjekt)
- "Tekstilfabrikken"

b) Undersøke synergieffektar av kunstproduksjon som lokal utviklingskraft

Preformprosjektet har framleis som mål at forskingsdelen i prosjektet vert realisert, til trass for avgrensa økonomi. Styringsgruppa for Preform ønskjer at det vert gjennomført ei undersøking slik det opphavleg er sagt i projektskildringa. Distriktssenteret og Fylkeskommunen er medaktørar i dette arbeidet.

c) Produksjonslokale

I perioden har det vore lagt ned mykje arbeid i å legge til rette for ei positiv utvikling i høve produksjonslokale for profesjonelle kunstprodusentar.

- Preform har medverka til oppretting av eit nytt studio: "Tekstilfabrikken" og støtta aktiviteten der.
- Preformprosjektet har tatt initiativ til å styrke produksjonsmiljøet ved å medverke til

opprusting av organisasjonstilhøve og fysiske tilhøve i allereie eksisterande studiomiljø og har som mål at eit nytt studio på ca 40kvm skal stå klart i 2014.

- Preform har i perioden arbeidet med planlegging av produksjonslokal for scenekunst. I dette arbeidet har vi nytta eksterne rådgjevarar og henta inn erfaring og informasjon frå andre produksjonsmiljø. Framleis under arbeid.
- I samarbeid med Jakob Sande-selskapet har Preform grunnlaget for ei opprusting av våningshuset. I 2014 er målsettinga at det vert oppretta ein forfattar-residens og at bygget får "nye" adekvate arbeidsrom og funksjonar. Prosjektet er starta opp med kostnadsrâme på Kr. 1,9 mill , i hovudsak finansiert gjennom Rom for Kunst og lokale kulturhus-midlar.

d. Bustader

Frå Transplant, Fjaler har Preform i 2013 fått utarbeid ein rapport som omhandlar bustadproblematikk for "kreative innflyttarar". Rapporten peiker på utfordringar og moglegheiter og er m.a. tufta på brukar-intervju.

Rapporten legg fram forskjellige scenario som er tufta på eksisterande frie areal eller som baserer seg på areal man kan utvikle i framtida. Framleis under arbeid.

- satsing på B&B

Mangel på høvelege stader for overnatting, innhysing av gjester har vore, og er, ei utfordring for lokalmiljøet. Dette er særskilt klårt i samband med arrangement der det er trong for å hyse inn ei større gruppe gjestar. Preform har gjeve Transplant (designarane Ralstion&Bau) i oppdrag å utarbeide ein plan om korleis ein på kort sikt kan møte denne utfordringa. Fjaler Næringsutvikling har følgd opp dette ved, i samarbeid med Transplant å organsere og systematisere B&B –utleige.

3. Våre mål knytt til LUK:

a) Utvikle og ta i bruk modellar for rådgjeving til kunstprodusentar i distrikta.

Dette arbeidet er satt i gang i 2013 og utvikling av "produsentteneste" står sentralt i dette arbeidet.

b) Undersøke synergieffektar av kunstproduksjon som lokal utviklingskraft

Preformprosjektet har framleis som mål at forskingsdelen i prosjektet vert realisert, til trass for avgrensa økonomi. Styringsgruppa for Preform ønskjer at det vert gjennomført ei undersøking slik det opphavleg er sagt i prosjektskildringa. Distriktssenteret og Fylkeskommunen er medaktørar i dette arbeidet.

c) Innarbeide erfaringane i planverket til Fjaler kommune, og bidra til at desse erfaringar kan brukast av andre.

Preform-prosjektet har vore presentert for kommunestyret og vidareføring av Preform-prosjektet er tatt inn i framlegg til ny kommuneplan for Fjaler Kommune, samfunnsdelen. Prosjektet har i det daglege arbeidet god og tett kontakt med Fjaler Kommune og Fjaler Næringsutvikling, både med representant i styringsgruppa for Preform.

4. Styrke Fjaler sitt omdømme og gjere kommunen og regionen til ein meir attraktiv stad å bu, gjennom tilrettelegging for interaksjon mellom kunstprodusentane og lokalsamfunnet elles.

Aktivitetane i Preform tar alle mål av seg til å kome i møte innhaldet i punkt 4: Ved kunstnarleg, publikumsretta aktivitet, samarbeid og produksjon, og ved samtidig å styrke kunstnarane sine arbeidstilhøve, har Preform medverka til positive resultat. Dette har til no vore mest synleg i resultat som Teaterfestivalen i Fjaler, verksemda til Litteraturmisjonen og boka "Ordklode", resultatet av prosjektet der borna i Fjaler laga dikt sammen med forfatter Demian Vitanza.

Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?	1. Profesjonelle kunstnarar og etablerarar av kreativ næring - som bur eller ynskjer å etablere seg i Fjaler eller nærområdet og bli ein del av produksjonsmiljøet i Fjaler. 2. Innbyggjarane i Fjaler og regionen: Satsinga vil medføre auka aktivitet for innbyggjarar og næringsliv – føre til større attraktivitet og vidareutvikle Fjaler sitt omdømme som arena for kunstproduksjon , tilføring av ny kompetanse. 3. Små kommunar og bygdesamfunn: Erfaringane og resultatet frå prosjektet vil ha ein overføringsverdi til små kommunar og bygdesamfunn. 1) Gjennom arrangement, bruk av produksjonsmidlar, rådgjeving, nettverkssamlingar og produsenttenester har prosjektet etablert eit nært og aktivt samarbeid med kunstprodusentane i området 2) Gjennom satsing på lokale kunst og kulturprosjekt, samt fokus på bustad og overnattingproblematikk (manglande innkvartering av tilreisande) har prosjektet oppretta ein god lokal kontakt. 3) Det er for tidleg i prosjektet til at vi kan ha sterke oppfatningar om kva element som har overføringsverdi., mein det kan slåast fast at prosjektet har verdier og resultat som andre kan dra nytte av 4) Vidare arbeid med etablering av eit forskingsprosjekt som skal vurdere synergieffektar av kunstproduksjon og kreative næringar som lokal utviklingskraft (også sett i høve til anna næringsliv).
Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak	Resultat hittil: - Etablering av ein ny kunstnarverkstad (http://tinyurl.com/ooroqn8) - Litteratur – innhenta ekstern finansiering m/oppstart av gjesteverkstad/bustad i samarbeid m/Jakob Sande-selskapet - Litteraturmisjonen- lokalt initiativ, bokpublikasjon (http://tinyurl.com/qe48vw9) - Etablering og gjennomføring av 1steTeaterfestival, symposium Delfinansiering av kunstprosjekt: - ”Lys i Gamle Hus” – kommunalt prosjekt med fokus på kunstnarleg aktivitet og presentasjonar - Landart prosjekt, tre installasjonar, samarbeid med NKD (http://www.nkdale.no/) Prisar: - 2 internasjonale designprisar - 1 nasjonal teaterpris Aktivitet: - utvikling av produsentteneste, arbeidsgruppe - planarbeid vedr. etablering av produksjonslokal for scenekunst, plangruppe - produsert egen webside, Facebook, Twitter og Flickr (preform.fjaler.no) - organisert nettverkssamlingar - innhenting av ekstern kompetanse - vidareutvikling av kunstproduksjon/studio i kommunalt bygg - internasjonalt seminar i samarbeid m/NKD og Sogn og Fjordane Kunstmuseum http://tinyurl.com/pwbtsm9 - medverka til utstilling Islandsk samtidskunst, Sogn og Fjordane Museum

	http://tinyurl.com/ohy7lwm - Førelsingar i samarb m. Nordisk Kunstnarsenter Dale(NKD) (Landartprosjekt) - Utvikling Bed&Breakfast-prosjekt - Bustad & verkstadundersøking
Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan	a) Følger opprinnelig plan b) X Forsinket pga. at prosjektkoordinator tok til i stillinga 01 Aug. 2012 c) Det er foretatt følgende justering: Prosjektet vil halde fram ut året 2014.
Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)	a) X Helt lokal effekt b) X Effekten kommer innen flere kommuner i regionen. c) X Effekten kommer i hele fylket d) X Effekten kommer i eget og andre fylker e) X Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge f) Vet ikke/ikke relevant
Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet (max 250 ord)	Personressursar og arbeidsmetode: 1) Prosjektleiari i 100% stilling skal drive prosessen - hente inn nødvendig kompetanse gjennom samhandling med kunstprodusentane og kommunen. (deltidsengasjement) 2) Satsinga er organisert som prosjekt direkte under rådmannen. Ved sida av styringsgruppe er det oppretta eiga ressursgruppe som kan tilføre ny kompetanse. Tett samarbeid med Fjaler Næringsutvikling som er tilknytt prosjektet og Sogn og Fjordane Fylkeskommune. 3) Bruk av arbeidsgrupper der det vert sikra representantar frå kunstprodusentane, kommune, næringslivet og faglege representantar på nasjonalt nivå. 4) Verkemiddel: - vidareutvikle det profesjonelle fagmiljøet ved å styrke infrastrukturen og syte for interaksjon mellom kunstprodusentane og innbyggjarane i regionen - nettverkssamlingar og workshops med sikte på utvikling av faglege nettverk og kompetansestyrking - innhenting av ekstern kompetanse 5) Kommunikasjon internt og eksternt, direkte og via Internett-baserte verktøy 6) Bruk av produksjonsmidlar til auke av aktivitet og kvalitet på produkt og styrka attraktivitet og omdømme 7) Dokumentasjon og informasjon 8) Utvikling av strategi for vidareføring av sluttprodukt

Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn	a) Utvikle og ta i bruk modellar for rådgjeving til kunstprodusentar i distrikta. b) Undersøke synergieffektar av kunstproduksjon som lokal utviklingskraft c) Innarbeide erfaringane i planverket til Fjaler kommune, og bidra til at desse erfaringane kan brukast av andre.
Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet	Hvilke samlinger har dere deltatt på i forbindelse med prosjektet? • 2012-Seminar Bulyst i Solund Kommune _ Bulyst (Bustad) • 2012- Seminar Bulyst Nordjordeid– Bulyst VAKN (kulturbasert næring) • 2012- Seminar Sogn og Fj. Fylkeskommune- (kunstnarkår) • 2012- Prosessleing i samfunn og organisasjon- LUK, Sogn og Fj Fylkeskomm. • 2013- Bulystkonferansen, Jølster, Sogn og Fjordane • 2013- Vestlandsk Vidsyn, Ålesund Møre og Romdal Fylkeskomm. • 2013- Erfaringssamling, Jøster, Sogn og Fj. Fylkeskommune • 2013- Høringssamling, Førde, Kulturutredningen 2014

Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)

Tiltak	Budsjett 2013	Rekneskap 2013
Prosjektleing	kr 500 000	603046
Tilsette prosjektbasis	kr 400 000	142151
Sosiale utgifter 35%	kr 265 000	257372
Kontor	kr 50 000	61570
Kontor og kommunikasjonsutgifter	kr 20 000	21348
Investeringer - inkl prosjektkontor	kr 10 000	11631
Overnatting/ diett	kr 25 000	37187
Reiser	kr 20 000	25984
Representasjon	kr 20 000	9933
Produksjonslokale - drift	kr 60 000	52067
Nettverkssamlingar –workshop * Merknad	kr 70 000	80505
Kompetanseheving /kurs	kr 20 000	8665
Produksjonsmidlar	kr 145 000	190350
Kommunale investeringar i bulystperioden	kr 400 000	111630
Andre tiltakt – overhead	kr -	0
Samla budsjett/rekneskap	kr 2 005 000	1617288
Finansiering	2013	
Fjaler kommune	kr 460 000	187996
Fjaler næringsutvikling + investering	kr 60 000	60000
Fjaler næringsutvikling nettverksamling	kr 25 000	25000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	kr 660 000	882500
Kommunal og regionaldepartementet	kr 800 000	462092
Samla finansiering	kr 2 005 000	1617288
Resultat/overskot	0	0
*Merknad: Herav kr 40850 som gjev rett til refusjon		

Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)

- a) ☒ Stabilisere eller øke befolkningen
- b) ☒ Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser
- c) ☒ Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer
- d) ☒ Økt innovasjon eller innovasjonsevne
- e) ☒ Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen
- f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd)

	g) Styrke regionale sentra h) ☒ Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? i) ☒ Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål?
Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)	I samfunnsdelen av Fjaler sin kommuneplan frå 2014 til 2025 er vidareføring av prosjektet eitt av hovudsatsingsområda. (ikkje endeleg vedtatt). a) Produsenttenester Det er gjennom ei produsentteneste at ein kan sikre resultata i prosjektet på ønskeleg nivå og kvalitet. Rådgjeving og tenesteyting har vore to suksessfulle element i preformprosjektet og avgjerande for at ein har hatt klare positive resultat. b) Produksjonslokal Satsinga på produksjonslokal for kunstnararar som har lagt grunnlaget for den positive utviklinga vi har sett i Fjaler for profesjonell kunstnarleg verksemd dei seinaste åra. Dei viktigaste lokala å følgje opp i tida etter at Preformprosjektet er avslutta er : 1) Transplanthbygget (rom for scenekunstproduksjon, design m.m) 2) Gamle Kommunehuset. (Studio av varierende storleik) 3) Jakob Sande-tunet, våningshuset. (Residens/litteratursenter) c) Produksjonsmidlar Erfaringane i Preformprosjektet peiker på at produksjonsmidlar er eit særskilt viktig tiltak for å stimulere til auka produksjon. Denne delen av prosjektet har vore vellukka og har medverka til auka aktivitet og kunst –og kulturproduksjon. <i>Enkelttiltak :</i> d) Teaterfestivalen i Fjaler (http://tinyurl.com/ol6hah5) Teaterfestivalen må seiast å vere ein suksesshistorie og responsen stadfester dette. Av enkeltelement i prosjektet som gjentek seg over tid, er utan tvil dette eit resultat som må sikrast vidare. (http://tinyurl.com/ol6hah5) e) Nettverkssamlinga og fagseminar Dette er ein aktivitet i prosjektet som har synt seg å vere viktig med omsyn til nettverksbygging og innhenting av kompetanse. f) Kunnskapsoverføring Vurdere synergieffektar av kunstproduksjon og kreative næringar som lokal utviklingskraft (også sett i høve til anna næringsliv).

For Preform, Fjaler Kommune

Dale i Sunnfjord, 23/4-14

Ingeborg O. Tysnes

Ingeborg O Tysnes
Kulturleiar, Fjaler Kommune